

## Såga om Skjåk-rein.

Ront 1890 kom det 2. finne til Lesja med rein, det var Torkjell Finn og Lars Nordfjell. Dei tenkte å vera på Lesja, men dei måtte reise. Dei flytta da reinen over Lesja til Lorfjellet, (det er fjellet mellom Lesja og Skjåk, mellom Findalen og Føysa) ho Marie Pardapouli fortalte meg ~~at~~ oss var komne til Tafjor, mein og eg for å sokje arbeid, det var mellom 1895 og 1900. Han gamle Per Rødal Tafjordkom å spurde om oss ville vera med ~~at~~ sjå på denna tamreinflåkken på Lorfjelle som helt på å vart vill, oss reiste da åt Lesja å akoderte. Resultatet vart att oss skulle samle den rein som oss kunne få tak i (prisen nemde ho ikkje) Dei helt da på å samla å tråjette frå slådalsfjelle og nordover, dei helt på i ca 3 måneder, da hadde dei fått samla ca 260 dyr på Tafjordfjelle Pardapouli - familien budde da i Tafjord nogre år. Men reinen ~~søkte~~ sydaustover etter beite.~~men~~ Han lille Per ~~Røld~~ Rødal var nå med å gjætte 1900. Reinen ~~søkte~~ vidare etter beite dei budde da i Grotli um vinteren og i telt um ~~sumaren~~ sumaren dei budde og på Breidablikk sume tider.

Reinen har nå sprett seg over Otta elve til Bottfjelle og Skriulaupen 1904, i 1907-08-09 budde gjøtarein Pardapouli og Per Rødal på Nysætra. Nå Byrja det og vart misnøye i Skjåk med dessa reine på sæterkveom um våren og i krytyrhamn um sumaren. I 1909 og 10 voks misnøyen i Skjåk mot tamrein, mest for det at det var uttabygds folk som åtte han, det vart ikke verken skatt eller arbeidsplasser. Skjåt komune (som åtte fjellet da) skreiv kontrakt med Kristen Forberg, Hans Hyrve, Gregorius Rudsar, Ola Pollmo og Johs Pardapouli um at dei skulle forsøke å få kjøpt rein av Johs Pardapouli, Rasmus Skåra Stryn og Per Rødal Tafjord. Dei fekk kjøpt rein. (Dei skulle få hømne med rein i Skjåkfjellom) Um sumaren skulle dei ha rein i Via (Kristen Forberg åtte da Vien) Johs Pardapouli var overgjøtar og Erling Øiberg Sylfest Pollmo var med å gjætte. Så gjekk det nogre år da ville Skjåk komune overta rein, rein vart oppstreka å levert ~~1st~~ januar 1915. i 1917-18 ville Kr Kvamme og Ola Updal fra Valdres kjøpe rein med garantert beite, men det vart berre tull i 1918 vart Skjåk Tamrein A/S starta prisen var 150 000 kr (samme prisen som Valdresen skulle betale) det vart da ~~xxitiegning~~ aksitegning 1500 aksi a 100 kr. Komunen tok 700 aksi og 800 vart tegna i bygden, dei vart så ~~jævne~~ jevø att ingen fekk mere en 3 aksi, i 1918-19 var rein vorte såpas vill at det var behov for ein tamdare flokk. Rikkar Skjellkvåle rådslo da med nogre fjellvante gute um dei ville vera med å kjøpe ein tamd reinsflokk. Rikkar Skjellkvåle konfererte med Skjåk Tamreinlag og Skjåk Komune og vart foreinte um att: R Slkeølvåle med flere kjøper mellom 2-300 riktig tamde reinsdyr og forsøke ved hjelp av disse å fange inn til merking kastereing og slakting den rein som Skjåk Tamreinlag har gående i Skjåkfjellene. Som vederlag for dette får dei fri hamning i Skjåk fjellene i 15 år og 400 av de aksier som Skjåk Komune har

i Skjåk Tamreinlag. R Skjellkvåle og Erling Øyberg reiste da nordover på reinskjøp, dei fekk kjøpt 200 dyr hos Martin Jonassom og 20 pene bukke hos Rindal i Åmotsdal. Dei som var med i laget var Rikard Skjellkvåle, Erling Øyberg, Olav Øiberg, Bernt Bjølsekt, Sylfest Pollmo, Rasmus Mork, Emil Aaboen og Ole Nilsen som overgjistar. Reinen kom om våren 1919.

Dei var 4 til å trågjæte 2 og 2 andenkvert døgn reinen vart ~~roleg og tilfreds~~ så roleg og tilfreds at dei gjæte 1 og 1 på døgnet. Hausten 1919 tok oss til med slaktingen oss brukte berre bukkeflokkens ny reinen, da var gården ferdig på Dyringshøn oss slakta 85 bukk og dei var 75 kg og meire. Simle g og ongdyr slepte oss ut att når oss fekk merkt å streka døm. I 1920 overtok Tamreinlaget tamflåkken vår oss brukte å merke kalven og han fekk vera med i tamflokken, oss fekk 82 kalv tå tamflokke det året vi hadde den. I 1920 byrja Vestlendingen på vilreinjakt i Skjåkfjellom oss sprang forbi døm og tok rein onda børsepipom sjå døm, jægeren var nede på Raubergsløftom og til Glittervatnet på jakt og i Hamsedale og Breidale helt ned i skoggrensa, 5 av gjistarom hadde politikort jaktkorte åt Stryningom lydde på Statens høyfjell og hevde jakttretter. Som kjent vart Skjåk sine fjell på Høgfjelskomisjonen i Grotli i 1917 takket vere gode bruksretstilte især Svend Kvitingen og Lars ~~Ånes~~ Aamote, i 1920 vart det bestemt at det skulle tilsettes kontrolør. Kontroløren skulle sjå etter at rein vart drivin før den vart slakta. Kontrolør var Torstein H Morken Nordberg. Han Torstein var grei han, han var med både å dreiv rein og slakta.

I 1920 kom det melding at reinsinspektør Nilsen (Nissen) ville kom å sjå på rein, oss skulle samle rein på Bottfjelle i september måned ~~1920~~ oss samla da rein frå alle kanter og rundt Framrusthovden mot Glittervatnet eg har aldri sett ein penare reinsflokk, det f var fullt med rein frå Framrusthovda og til Glitra, det var ei masse med stor bukk. Reininspektøren sa at detta var tamrein enten den var merket eller ikkje. Reininspektøren påsto att det var ~~max~~ minst 2000 dyr i flokken, atpå detta vart det slutt med kontrolør oss fortsatte å slakta, kalv og spake dyr tok oss inn i tamflåkken.